MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedteke av Fylkesutdanningssjefen 8.6.2015 jmf vedtak i Fylkestinget T-77/14

Sist endra 1.8.2017

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Innhald

Innhald....1

Forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal fylkeskommune2

§1 Formål (§3-7)....2

§2 Virkeområde....2

§ 3 Rettane til elevane (§9a)....2

HMS-kartlegging (§9a-4 og § 9a-5)....2

Elevundersøkinga....3

Undervisningsevaluering....3

Rett til informasjon....3

§ 4 Læringsmiljø (§9a)....4

§ 5 Pliktane til elevane....5

§ 6 Orden (Forskrift til Opplæringslova §3-5)....8

§ 7 Åtferd (Forskrift til Opplæringslova §3-5)....8

§ 8 Sanksjonar....9

Refsingstiltak utan klagerett....10

8.11. .... 11

Følgjande refsingstiltak er enkeltvedtak og skal handsamast etter forvaltningslova:....11

§ 9 Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på ordensreglementet der eleven har klagerett (Forvaltningsloven)....12

Klagehandsaming....12

Klageinstansar....13

§ 10 Tillegg til ordensreglementet....14

# Forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal fylkeskommune

## §1 Formål (§3-7)

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd. Formålet med ordensreglementet er å skape samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet og legge grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal difor innehalde reglar om orden og åtferd, reglar om kva for tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal handsamast.

## §2 Virkeområde

Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen. Reglementet gjeld i timane, i friminutta og på veg til og frå skulen.

Reglementet gjeld også ved opplæring og aktivitetar som vert gitt av skulen utanfor skulen sitt område, så langt dette ikkje er i strid med lokalgitte påbod eller forbod.

Elevane i vidaregåande opplæring har fastsette rettar og plikter etter opplæringslova og forskrifta til opplæringslova. Ordensreglementet gjeld i tillegg til desse rettane og pliktene.

## § 3 Rettane til elevane (§9a)

Elevane har rett til medverknad i saker som vedkjem miljøet på skolen.

### HMS-kartlegging (§9a-4 og § 9a-5)

Alle skulane skal kvart år legge fram resultata frå den årlege HMS-kartlegginga til behandling både i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval.

## Elevundersøkinga

Alle skulane skal kvart år gjennomføre elevundersøkinga og legge fram resultata til behandling både i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval.

## Undervisningsevaluering

Alle skulane skal kvart år gjennomføre minst ei undervisningsevaluering og leiinga skal legge fram hovudresultata for skulen til handsaming både i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval. Med hovudresultat legg ein til grunn ei samla vurdering av skulen. Gjennomføring av undervisningsevalueringa skal drøftast med elevrådet.

## Rett til informasjon

Elevar som deltek i behandlinga av skulemiljøsaker, har rett til tilgang til den informasjon som er nødvendig for å utføre oppdraget. Denne retten til informasjon gjeld ikkje tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslova §13.

Elevar som deltek i behandlinga av skulemiljøsaker, skal ikkje vere til stades når utvalet handsamar saker som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslova § 13.

Elevane har rett til opplæring i skulemiljøarbeid og rett til nødvendig fritak frå undervisningstimar for å utføre oppgåvene slikt arbeid medfører.

## § 4 Læringsmiljø (§9a)

**4.1.**

Elevane har rett på eit læringsmiljø fritt for vald, tjuveri, mobbing, hærverk, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd.

**4.2.**

Elevane har rett på eit trygt læringsmiljø. Det er forbode å ha farlege gjenstandar og våpen på skulen sitt område eller ved aktivitet i regi av skulen.

**4.3.**

Elevane har rett på eit rusfritt læringsmiljø. Det er ikkje tillate å vere påverka av, bruke eller oppbevare noka form for rusmiddel på skulen sitt område eller ved aktivitet i regi av skulen.

**4.5.**

Elevane har rett på eit tobakksfritt læringsmiljø. Det er ikkje tillate å bruke tobakk, snus og e-sigarettar i skuletida eller ved aktivitet i regi av skulen.

**4.6.**

Det er ikkje tillate å bruke ansiktsdekkjande hovudplagg i skuletida.

# § 5 Pliktane til elevane

**5.1.**

Elevane skal ikkje forstyrre undervisninga.

**5.2.**

Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruksar som gjeld.

**5.3.**

Elevane skal møte dei tilsette og medelevane sine med respekt.

**5.4.**

Elevane skal varsle om mobbing som dei observerer

**5.5.**

Elevane er pliktige til å møte presis til opplæringa og delta aktivt.

**5.6.**

Elevane skal snarast mogleg ta kontakt med faglærar for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgjast opp dersom dei ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

**5.7.**

Elevane må oppdatere seg om læringsarbeidet som er gjennomført i periodar dei ikkje har vore på skulen.

**5.8.**

Elevane skal melde frå om fråvær frå første fråværsdag. Likeeins dersom dei må forlate opplæringa i løpet av skuledagen. Feriereiser skal reknast som fråvær og kan ikkje avtalast som organisert studiearbeid etter forskrifta §3-47.

**5.9.**

Det er læraren som bestemmer kva, korleis og når utstyr (t.d. elektronisk utstyr) skal brukast i opplæringa.

**5.10.**

Læremiddel og utstyr som tilhøyrer skulen og skulen sin eigedom elles skal brukast med omtanke. Hærverk og skade fører mellom anna til erstatningsansvar, jf skadeerstatningslova.

**5.11.**

Elevane skal som brukarar av skulebiblioteket følgje utlånsreglane (Sjå vedlegg til Ordensreglementet).

**5.12.**

Elevane har sjølve ansvaret for sine personlege eigendelar.

**5.13.**

Til grunn for bruk av PC i skulen er det fastsett eit eige IKT-reglement som gjeld for elevar ved dei vidaregåande skulane (Sjå vedlegg til Ordensreglementet).

**5.14.**

Det er elevane sitt ansvar at PC-en fungerer som han skal og kan brukast på det trådlause nettet til skulen.

**5.15.**

Når elevane brukar Internett skal dei følgje nettvett- og IKT-reglementet til skulen.

**5.16.**

Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidskleda og verneutstyret som det vert sett krav om og/eller som er påbode av Arbeidstilsynet, departementet eller skulen.

**5.17.**

Fusk eller forsøk på fusk og plagiering på prøver og innleveringar kan få konsekvensar for karakteren i åtferd. Elevane skal ha høve til å uttale seg munnleg til rektor før det vert teke avgjerd i saka. Ein konsekvens av å fuske eller plagiere er at arbeidet ikkje kan vurderast, og dette kan få konsekvensar for grunnlaget for vurdering i faget.

**5.18.**

Elevar som hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av ei prøve, kan bortvisast frå prøva. Avgjerd om slik bortvising må fattast av rektor, med mindre denne har delegert mynde til faglærar.

**5.19.**

For eksamen gjeld reglane i forskrifta § 3-36 om bortvising og §3-37 om fusk/forsøk på fusk.

**5.20.**

Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i regi av skulen, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane. Tidsrommet mellom avreise og heimkomst er å sjå på som skuletid, og ordensreglementet gjeld. Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal ta del i det oppsette programmet for turen. Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser i regi av skulen kan i grove enkelttilfelle føre til heimsending. Før det blir gjort vedtak om heimsending skal rektor og foreldre kontaktast. Eventuelle lokalgitte reglar kjem i tillegg, og sanksjonar må vere heimla i det overordna ordensreglementet.

## § 6 Orden (Forskrift til Opplæringslova §3-5)

Elevar skal ha god orden. Det er god orden å:

- Møte presis på skulen og til undervisninga
- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr til undervisningsøktene, og å halde det i orden
- Gjere arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid
- Halde det ryddig på arbeidsplass og skuleområdet ellers

## § 7 Åtferd (Forskrift til Opplæringslova §3-5)

Elevane skal ha god oppførsel. Det er god oppførsel å:

- Ikkje forstyrre i undervisninga
- Ikkje banne eller bruke anna grovt språk
- Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt
- Ikkje vere valdeleg eller kome med truslar
- Vise respekt for eigedelane til skulen og andre
- Ikkje røyke, snuse eller vere påverka av rusmiddel
- Ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
- Ikkje fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar
- Vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- Vise respekt og være høflege mot kvarandre

## § 8 Sanksjonar

Elevane som bryt reglande i §4, §5,§6 eller §7, kan refsast etter reglane i paragrafen her. Andre refsingstiltak enn det som går fram av paragrafen her, kan ikkje nyttast.

Det er ikkje lov å bruke fysisk makt. Nødrett og nødverje gir likevel ein viss rett for personalet på skulen til å gripe inn med fysisk makt for å stoppe basketak og slåsting mellom elevar. Personalet kan også verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. §§ 47 og 48 i straffelova. Det kan difor, uti frå tilhøva, vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevane skadar seg sjølve eller andre, eller skadar eigedomen til skulen eller andre.

I tillegg vil personalet på skulen ha plikt til å ha omsorg for elevane, og for å hindre krenkingar. I enkelte situasjonar vil tilsette difor ikkje berre ha rett, men også plikt til å gripe inn i situasjonar der elevar er truga. Dette følgjer av opplæringslova §9a-3, andre ledd. Ei slik plikt til å gripe inn oppstår ikkje dersom inngripen medfører fare for helsa til den tilsette.

Det er ikkje lov å refse ei gruppe kollektivt for noe enkeltelevar har gjort seg skuldig i.

**I tillegg til refsingstiltaka kan det bli nødvendig å sette inn tilleggstiltak som t.d.:**

- ❑ Ved skade eller tilgrising på skulen sin eigedom kan fylkeskommunen krevje istandsetjing
- ❑ Elevar kan få høve til å utbetre skadane sjølv dersom dette er føremålstenleg
- ❑ Elevar som har gjort hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet på regelverket (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande.)
- ❑ Elevar kan bli erstatningsansvarlege etter dei alminnelge erstatningsrettslege reglane

## Refsingstiltak utan klagerett

| | |
|---|---|
| **8.1.** | Munnleg eller skriftleg påtale frå ein av dei tilsette ved skulen. |
| **8.2.** | Ordens-og åtferdsmerknader. |
| **8.3.** | Gjenstandar som blir brukt til å forstyrre undervisninga kan beslagleggast (Beslaglagde gjenstandar skal leverast attende til eleven). |
| **8.4** | Ulovlege og/eller farlege gjenstandar skal beslagleggast og kan overleverast til politiet. |
| **8.5.** | Rusmiddel vert beslaglagt og narkotika blir overlevert til politiet. |
| **8.6.** | Mobiltelefon, sigarettar, snusl e.l kan inndragast som ein sanksjon, eller som eit ordensmessig tiltak etter ei åtvaring. |
| **8.7.** | Rektor kan delegere til faglærar å utvise inntil 2 klokketimar. Ved slik bortvising har skulen framleis tilsynsansvar for eleven. |
| **8.8.** | Bortvising frå resten av skuledagen etter vedtak fatta av rektor. |
| **8.9.** | Kontakt med heimen og involvering av føresett for elevar som er under 18 år. |

## 8.11. Følgjande refsingstiltak er enkeltvedtak og skal handsamast etter forvaltningslova:

| | |
|---|---|
| **8.11.1** | Annullering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv. |
| **8.11.2** | Bortvising frå eksamen - etter vedtak fatta av rektor sjølv. |
| **8.11.3** | Bortvising for ein heil skuledag - og inntil fem skuledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv. |
| **8.11.4** | Vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesutdanningssjefen om pålagt skifte av skule etter sak om vald eller mobbing. |
| **8.11.5** | Elevar som bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger, kan visast bort for resten av skoleåret dersom brota er særleg alvorlege. Vedtak om bortvisning for resten av skoleåret blir fatta av fylkesutdanningssjefen jfr oppl. §9A-11, 2. og 3.ledd |
| **8.11.6** | Nedsett standpunktkarakter i orden eller i åtferd . |
| **8.11.7** | Heimsending frå ekskursjonar. |

## § 9 Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på ordensreglementet der eleven har klagerett (Forvaltningsloven)

Før det vert sett i verk sanksjonar, jmf ordensreglementet kapittel 8-11, skal eleven få høve til å forklare seg i skriftleg fråsegn og har rett til å få møte med den som skal ta avgjerda. For umyndige elevar skal foreldre/føresette informerast og gjevast høve til å delta i møte.

Vedtak etter kapittel 8-11 skal grunngjevast i eige brev. I grunngjevinga skal det viast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som er nytta. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett og klagefrist, og rett til å sjå eventuelle dokument i saka. (Fvl. §27, 3.ledd)

Klageretten gjeld sjølv om vedtaket kan setjast i verk umiddelbart. Eleven skal også få orientering om at det kan søkjast om at gjennomføring av sanksjonen blir utsett til handsaming av ein eventuell klage er sluttført (Fvl §27, 3.ledd).

### Klagehandsaming

- Ei klage skal vere skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga på, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.
- Klagen skal sendast til den som har gjort vedtaket
- Klage på bortvisning inntil 5 dagar skal sendast til rektor
- Klage på bortvisning for resten av skoleåret, eventuelt tap av opplæringsretten, skal sendast direkte til fylkesutdanningssjefen.
- Dersom rektor opprettheld bortvisningsvedtaket og ikkje tek klaga til følgje, skal rektor sende klagen med utgreiinga si og grunngjeving for dette vedtaket til fylkesutdanningssjefen som klageinstans.
- Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet, og rektor, eventuelt fylkesutdanningssjefen, si utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.

## Klageinstansar

Klagenemnda i Møre og Romsdal Fylkeskommune er klageinstans for vedtak fatta av rektor.

Fylkesmann er klageinstans for:

- Vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv.
- Vedtak fatta om bortvising frå eksamen som er fatta av rektor sjølv.

- Vedtak om bortvisning for resten av skoleåret som er fatta av fylkesutdanningssjefen.
- Vedtak om tap av opplæringsrett.

## § 10 Tillegg til ordensreglementet

I tillegg til ordensreglementet er det fastsett:

- IKT-reglement
- Utlånsreglement
- Fråværsreglement
- Rusreglement

For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordensreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar etter behandling i skoleutvalet og elevrådet. Desse kan ikkje vere i staden for, eller i strid med reglementa.

Dette kan t.d. gjelde:

- Ekskursjonsreglement
- Reglar for kantina
- Internatreglement
- Reglar for skulekjøkken og verkstader
- Ordensteneste
- Utlånsreglement
- Reglar for skuleavisa
- Eventuelle andre spesielle tilhøve